

# KYRKJEBLAD FOR ÅL



GLEDELIG JUL, PERFEKT ELLER IKKE / GLAD I KYRKJA OG SOKNERÅDSARBEID  
NY ORGANIST OG DIAKON / VÅR KRISTNE ARV / KYRKJEVERJE MED DOKTORGRAD

NR. 4 | 2023 | 64. ÅRGANG



Foto: Birger Bolstad

David Ruud Pedersen (til venstre) og Sondre Nygaard Nordhagen, to av neste års konfirmantar, gjer teneste i Torpo kyrkje.

*Du stjerne over Betlehem, å, lat din sæle fred  
få lyse inn i kvar ein heim og i kvart hjarte med.*

*Ja, i kvart hjarte armt og mørkt send du ein stråle blid,  
ein stråle av Guds kjærleiks lys i signa juletid!*

# Kyrkja vår

For dei aller fleste av oss er kyrkja vår viktig. Kyrkja gjev ramme om dei store hendingsane i livet, enten det er i glede eller sorg, kyrkja bind saman kvar dag og helg, jord og himmel. Dei fleste av oss kjänner tilhøyre til eiga kyrkje og tenker på dei lokale prestane som våre prestar. Nokre av oss har også site i det lokale styringsorganet, soknerådet.

Men ikkje så mange av oss har eit forhold til den landsomfattande kyrkja. Etter at kyrkje og stat skilde lag for godt ti år sidan, framstår Den norske kyrkja som den største organisasjonen i samfunnet vårt, med 3,7 millionar medlemmer, 100.000 frivillige, 8000 tilsette og 1600 kyrkjebrygg. Til samanlikning har idrettsrårsla 1,9 millionar medlemmer.

## Fire interessante år

For fire år sidan svara eg ja til å la meg velja inn i bispedømmerådet og har dermed fått innblikk i korleis den store og landsdekkande organisasjonen vert styrt. Det har vore fire interessante år. La meg minne om at landet vårt er delt i 11 bispedømme som vert styrt av kvart sitt bispedømmeråd. Alle bispedømmeråda i landet utgjer saman med representantar for dei tilsette kyrkjemøtet, som er kyrkja sitt storting.

Kva tankar gjer eg meg etter fire år i bispedømmerådet og kyrkjemøtet? Det gleder meg å oppleva at kyrkja er ein levande demokratisk organisasjon. Vi har ikkje prestestyre i landet vårt, kyrkja er styrt av folket sine valde representantar, både på landsplan og i kvart enkelt sokn.

## Meir himmel på jorda

Eg er imponert over kor utruleg mange flinke folk det er i kyrkja. Både folkevalde og tilsette arbeider kvar einaste

## I KYRKJEPORTEN



Av Øystein Lappgard, Ål,  
medlem i Tunsberg  
bispedømmeråd

dag og over heile landet med å styrke dei byggjande verdiane i samfunnet vårt. Meir himmel på jord – det er den overordna strategien for arbeidet i kyrkja. Eg har opplevd spenningane i kyrkja. Særleg mellom dei som har sin ståstad i den lokale kyrkja og dei som ser kyrkja i ein heilskap på tvers av sokne-grenser og bispedømme. Den framtidige organiseringa av kyrkja har då også vore den store stridssaka denne bispedømme-rådsperioden. Gjennom vedtaket i sist kyrkjemøte har striden lagt seg. Det skal no utarbeidast lokale samarbeidsavtalar mellom dei statleg tilsette prestane og dei lokalt tilsette medarbeidarane i kyrkja. Samarbeidet skal sikrast gjennom ein arbeidsplan – «Kyrkja vår» – som alle skal vera like forplikta på.

## Sameina om det meste

Men eg undrar meg etter kyrkjebalet sist månad. Folk vert forvirra over dei ulike partia som stiller til val til bispedømmerådet. For folk flest er valet eit personval og ikkje eit val basert på partiprogram. Etter mi meining fører partia til ei politisering og polarisering i kyrkja. Når alt kjem til alt, så er ein sameina om det aller, aller meste. Eg vonar at heile valordninga med partilister kan takast opp til revisjon. Nokre meiner at dei mest aktive medlemmene i kyrkja burde ha større påverknad på valet. Det er eg ueinig i, - vi har ingen A- og B-medlemskap i kyrkja. I kyrkja møter vi alle likt og likeverdig, med kvar vår tru og tvil.

Eg går ut av bispedømmerådet, men Hallingdal er framleis godt representert gjennom Inga Stoveland Dekko og Anne Gerd Jorde. Dei ynskjer vi lukke til med arbeidet i bispedømmerådet og kyrkjemøtet!

## Bøn om fred

Forferdelege krigar rasar i Ukraina og i Israel og Palestina. Uskuldige liv går tapt, og frykt og terror råkar vilkårleg. Biskop Ragnhild Jepsen har lagt ut denne bøna på Facebook:

*Fredens Gud,  
ver nær hjå dei som lid og er redde.  
Må dei grusomme handlingane  
ta slutt. Må hatet vike for håp.  
Gjev vilje til fred. Gud, i dine hender  
legg vi det alt saman.  
Amen*



Foto: Bo Mathisen

## Takk for oss

I fire år har Liv Margit Sørboen og Birger Bolstad laga Kyrkjeblad for Ål, det vil seia 18 nummer til saman. Arne Jensen og Wenche Skår-Ekse var med i redaksjonen i kortare periodar.

- No seier me takk for oss. Andre må overta dette viktige og svært interessante arbeidet. Kanskje har du lyst til å bli med i redaksjonen? Ta i så fall kontakt med kyrkjekontoret, seier Bolstad. Han har vore redaktør for kyrkjebladet.

## KYRKJEBLAD FOR ÅL

**REDAKSJON** Birger Bolstad (redaktør) • Liv Margit Sørboen | Dei usignerte artiklane har redaktøren skrive

**BANKGIRO** 2320.20.70272 | **VIPPS** 627063 | **ADRESSE** Postboks 140, 3571 Ål | **UTGJEVAR** Leveld, Torpo og Ål sokneråd

**GRAFISK PRODUKSJON** Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

## KYRKJA I ÅL

**KYRKJEKONTORET** Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00 | Tf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

**PROST** Steinunn Hansen | **SOKNEPREST** Geir Wiknes | **PROSTIPREST** Ole-Jonny Kleveland Lomme (vikar)

**KYRKJEVERJE** Svetlana Anistratenko | **SEKRETÆRAR** Guro Stave • Elin Eterlid Tveito | **MUSIKARAR** Ingunn Stræte • Håkon Tveito • Vermund Olav Aukrust (frå 1. januar)

**DIAKON** Line Bakke | **REINHALDAR** Kamila Pruchnik | **KYRKJETENARAR** Håkon Tveito • Morten Storhaug Tom Vidar Myrestølen

**SOKNERÅDSLEIAR** Frøydís Stoveland Dekko | **FELLESRÅDSLEIAR** Arild Øystese Hansen

# Gledelig jul, perfekt eller ikke

*Vi er kommet til adventstiden. De fire siste ukene før jul. Vi teller ned dager til jul. Mange venter på gaver, julemiddag og familietid, men ikke alle.*

I år venter jeg på å få oppleve den første julen som prest. Jeg både gleder og gruer meg på samme tid. Å være prest i julen er noe jeg har sett frem til i mange år, og som jeg har store forventninger til. Såpass store forventninger at jeg gruer meg litt også. For klarer jeg egentlig å gjøre jobben så perfekt som jeg har lyst til?

Bare det å skrive dette viste seg å være vanskeligere enn jeg trodde. Hva skal jeg skrive? Velger jeg de riktige ordene? Var dette et dumt tema? Jeg har ikke tall på hvor mange ganger jeg har slettet og startet på nytt, det var bare ikke bra nok.

Trøsten fant jeg i å tenke litt gjennom hvordan den første julen må ha vært. Her kan det ikke være mye som var perfekt.

## Gud valgte å komme til jorden og bli menneske

Maria var blitt gravid, utenfor ekteskapet. Josef, mannen hun var lovet bort til, var ikke faren. To ting som var uhørt på denne tiden. På toppen av det hele hadde keiseren befalt at alle skulle skrives inn i manntall, så Josef måtte ta med den høygravide Maria på reise fra Nasaret til Betlehem.

Maria og Josef var ikke de eneste på reise, og i Betlehem var det fullt alle steder.

Det eneste stedet de kunne få bo, var i en stall. Her, midt iblant alle dyrene, ble Jesus født. Det lille, forsvarsløse Jesusbarnet var ikke bare et tilfeldig barn, men Guds egen sønn. Faktisk mer enn det og, Han var Gud selv.

Gud valgte å komme til jorden og bli menneske. En kunne tenke seg at når Gud valgte å bli et menneske, så ville det

.....

## ANDAKT



Av Ole-Jonny  
Kleveland Lomme,  
prostiprest-vikar

være på et palass med tjenere, trygge fødselsforhold og en trygg familie anerkjent av samfunnet, aller helst kongelige. Men ikke vår Gud. Gud valgte å bli menneske på bunn av rangstigen, født i en stall med dyrenes matfat til seng. I en familie som risikerte mye om det ble kjent at ikke Josef var barnefaren. Langt utenfor alt det perfekte.

Når det uperfekte var godt nok for Gud, da må det vel være godt nok for meg også. Jeg vil aldri klare å oppnå de skyhøye forventningene mine, men jeg kan prøve igjen en neste gang og gjøre det bedre.

*God adventstid og riktig gledelig jul.  
Uansett om den blir  
perfekt eller ikke.*

## Bibel og vaffel

For ett år siden startet vi opp med høytlesing fra Bibelen og vaffelsalg hver torsdag på Evjens minne. Vi fyrer i peisen og setter oss i sofaene i veslesalen, mens vi lytter til Guds ord i 30 minutter.

Nå har vi lest både Johannes-evangeliet, Apostlenes Gjerninger og er kommet langt ut i Paulus sine brev. Det er merkelig, men vi tror at Guds ord gjør noe med oss! Guds ord er levende og virkekraftig (Hebr.4.12), og det gir oss åndelig føde. Akkurat som kroppen trenger mat for å holde seg sunn og frisk, trenger vårt indre menneske Guds ord for åndelig styrke og vekst. Dessuten kan vi oppleve at bibelordet blir nytt når vi hører noen leser, kanskje på nynorsk eller en annen bibeloversettelse eller med annet tonefall. Det er spennende!

Hans Johan Sagrusten har skrevet boka «RIK bibelbruk», og poengterer at gjennom å lese regelmessig, i fellesskap og kontinuerlig (RIK), kan vi hjelpe hverandre til å gi Bibelen større plass i hverdagen og i fellesskapene våre. På «Bibel og vaffel» har vi ingen andakt eller tekstdutteleggelse etterpå, men lar Ordet tale for seg selv. Dessuten er vi kaffetørste og vaffel-lukten som sprer seg i rommet, gjør at salget går unna.

Er du hjemme på en torsdag formiddag, eller kan gå ut i lunsjpausen din, må du gjerne stikke oppom Evjens Minne!

Av Berit Kilde, leder i Ål Normisjon



## Populær babysong

Kvar måndag klokka 11 til 13 er det babysong i kyrkestugu. Det har vore godt oppmøte med små og store kvar gong. - Me syng litt, skravlar mykje og kosar oss med mat i lag, seier primus motor Elin Tveito. Ho synest det ereldig artig å møte igjen born og foreldre kvar veke. Nye kjem inn og dei små som har vore med sidan dei berre var nokre veker gamle, skal straks over i barnehagen. - Lykke til med ny kvardag, det har vore så kjekt å vera i lag.



Glade born på babysong: Olava, Hermine, Ella og Anna. Foto: Elin E. Tveito



EINAR:

# Glad i kyrkja og soknerådsarbeid

Einar Brattegard arbeidde i skulen i 41 år og har engasjert seg mykje i lokalsamfunnet. Han har 16 år bak seg i Ål formannskap og fem periodar i soknerådet; dei siste åtte åra har han vore soknerådsleiar. No gir 82-åringen seg.

*Einar Brattegard har site i soknerådet for Ål i fem periodar, den fyrste perioden var allereie i 1981. Då var han 40 år, men faktisk den eldste i rådet den gongen og! Og no har han site samanhengande i 12 år, dei siste 8 åra som leiar.*

- *Kvifor har du sagt ja til å stille til soknerådsvalet så mange gonger?*

- Det er fleire grunnar til det, eg har alltid

følt meg heime i kyrkja, fortel Einar.

- Heilt frå eg var liten var eg med foreldra mine på gudstenester i Leveld kyrkje. Eg er både glad og interessert i kyrkja, og eg synest difor det har vore fint og viktig å kunne gjera ein jobb der. Difor har eg blant anna vore leiar for diakoninemnda i seks år og frivillig klokkar i 21 år. Når ein deltek slik, blir ein ein del av kyrkja på ein nærmare og meir spesiell måte, og ein kan få vera med å påverke ei utvikling i kyrkja. Etter at eg mista kona mi for nokre år sidan, har det vore fint å kunne delta aktivt med soknerådsarbeid.

- *Kva for sak har vore den mest utfordrande desse åra?*

- Eg hugsar utfordrande saker frå fyrste perioden eg sat. Eindel spørsmål kan skapa strid, men me har takla saker greitt sjølv om me har vore usamde i soknerådet. Vedtaket om regnbogemesse i fjor var ei slik sak.

- *Kva betyr kyrkja og gudstenesta for deg?*

- Eg syns det er veldig godt å vera i kyrkja. Presten og forfattaren Stian Aarebrot seier at gudstenestefellesskapet er trusfremjande og bevarande, det sluttar eg meg til.

- *Kva tankar har du om utviklinga av kyrkja si rolle i samfunnet?*

- Viss kyrkja skal bli relevant for nye grupper, må kyrkja opplevast som ein del av samfunnet. Eksempel på det er fakkeloget for Ukraina som kyrkja her arrangerte like etter at krigen braut ut, det viser eit engasjement utanfor kyrkjebygget. Somme spørsmål som kvinnelege prestar og likekjønna ekteskap heng

dessverre enno att i 2023, og det gjer ikkje kyrkja relevant for store grupper av folket. Tenk om ein innanfor kyrkja heva blikket og såg utover! Fattigdom, undertrykking og rasisme, for meg blir dette viktig saker som kyrkja bør jobbe for. Kyrkja må ta forvaltaransvaret og nestekjærleiken på alvor og meine noko om både miljøsaka og flyktningeproblematikken. Rasisme er det dessverre mykje av. For meg er ynskjet at kyrkja bør vera opptatt av slike spørsmål. Ho må gjera seg relevant for nye grupper av folket, avsluttar den avtropende og engasjerte soknerådsleiaren.

Av Liv Margit Sørboen (tekst og foto)



Det nyvalde Leveld, Torpo og Ål sokneråd. Frå venstre Anne Kjersti Frøyen, Audun Vestenfor, Inger Haug, sokneprest Geir Wiknes, Liv A. Solberg, Ingrid K. Hajem, Frøydis Stoveland Dekko, Arne Slaatten, Arild Øystese Hansen.

## Det nye soknerådet 2024–2027

Frøydis Stoveland Dekko er vald til ny leiar i Leveld, Torpo og Ål sokneråd; ny nestleiar er Anne Kjersti Frøyen. Ny fellesrådsleiar vart Arild Øystese Hansen, og ny nestleiar Audun Vestenfor.

Soknerådet og fellesrådet har åtte valde medlemmer, to frå Leveld sokn, to frå Torpo sokn og fire frå Ål sokn. Sjå biletet. Soknepresten har fast plass i soknerådet, prosten i fellesrådet. Ål kommunestyre har valt Solveig Løkensgard Arnegard som sin representant til fellesrådet.

På eit møte på Kafe Tid 25. oktober vart det avgående soknerådet takka og heidra med ei bokgåve. Soknerådsleiar Einar Brattegard og fellesrådsleiar Torfinn Slætto har lagt ned store og viktige arbeid for kyrkja og fekk også blomar. Det fekk også Birger Bolstad, redaktør i kyrkjebladet.

## Hallingar i bispedømmerådet

*Det er knapt til å tru: Ved kyrkjevalet i haust fekk to hallingar på nytt fast plass i Tunsberg bispedømmeråd: Inga Stoveland Dekko, Torpo, og Anne Gerd Jorde, Gol.*

Inga studerer norsk og KRLE ved MF vitskapleg høgskule i Oslo og representerer Åpen Folkekirke. Inga går inn i sin andre periode som folkevald. Anne Gerd Jorde, pensjonert kyrkjeverje fra Gol, vart vald inn på Nominasjonskomiteens liste.

Bispedømmerådet består av ti medlemmer, biskop Jan Otto Myrseth medrekna. Til valet fekk Åpen Folkekirke og Nominasjonskomiteens liste tre representantar kvar, og felleslista Bønnelista/ Frimodig kirke ein representant. Prestane har ein vald representant i rådet, Frode Magnar Andersen, Horten, og ein lek tilsett er vald, diakon Ole Amund Hafell, Tønsberg. Fyrste vararepresentant for Åpen Folkekirke, Ingrid Andrea Lono Smedsgård, er frå Gol.



Inga Stoveland Dekko, Ål, er attvald i Tunsberg bispedømmeråd.



Også Anne Gerd Jorde, Gol, fekk fast plass i bispedømmerådet. Anne Gerd er hytteåling, gift med ein torping og jammen spelar ho baryton i Torpo musikkorps også!

### Den viktigaste julegåva

Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til rent vann i verda i dag på grunn av jordskjelv, turke, flauv eller krig.

**Kirkens Nødhjelp** jobbar med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusera nød og fattigdom i verda.

Kirkens Nødhjelp er akkurat no til stades i Ukraina, Gaza/Palestina og Sudan, der born blir fødde i bomberegn og åtak. Millionar av menneske flyktar og har mista håpet, sine kjære og alt dei eig. Kirkens Nødhjelp sørger for naudhjelp der behova er størst, og deler ut vatn, varme teppe og hygieneartiklar. Du kan vera med å redde liv og gje borna ei framtid.

Vipps 2426 (valfri sum) / Send GAVE på sms til 2426 (300 kr)

Gåvekonto: 1594.22.87248

Neste års fasteaksjon er 17.-19. mars 2024.

## Unge Inga utfordrar biskopane

*I fire år har Inga Stoveland Dekko (22) vore medlem i Tunsberg Bispedømmeråd og difor også møtt på dei årlege kyrkjemøta. Etter kyrkjevalet no i haust fekk Inga fornya tillit i fire nye år. Men på kyrkjemøtet i august vekte den unge hallingen oppsikt då ho frå talarstolen utfordra biskopane i Noreg:*

- No ber eg alle biskopane om å følgja nøyne med. Slik starta Inga innleget sitt. Ho vil at Den norske kyrkje skal utarbeida ei ny, nynorsk omsetjing av den apostoliske truedkjenningsa. Inga meiner at dagens versjon har ein liten, men avgjerande omsetjingsfeil som samstundes gir uttrykk for eit gudsblete som ho ikkje kan stå inne for.

### Gud skaper her og no

I den første trusartikkelen i bokmålsversjonen står det: «*Jeg tror på Gud Fader, den allmektige, himmelens og jordens skaper*». Nynorsk har slik omsetjing: «*Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord*».

Dette er nyanseforskjellar, men svært viktig, synest Inga. Ho meiner at Bibelen ikkje framstiller sjølvé skapinga som ei isolert hending, som tok slutt då verda vart skapt.

- Nei, Gud skaper også her og no, seier ho i eit intervju med kyrkjebladet.

- Forskjellen mellom nynorsk- og bokmålsversjonen er at dei som nyttar bokmål kan bekjenne seg til ein levande Gud. Ein skapande Gud. Kontra dei som bruker nynorsk, som må seia at Gud skapte – altså i fortid, seier Inga. - Dette blir feil.

Inga kan fortelja at dette er ei sak ho har grunna på lenge.

- Men faktisk er det ei familiesak, ler ho. Rundt middagsbordet har ho og foreldra og søskena diskutert formuleringane i den apostoliske truedkjenningsa. Ho berre måtte ta opp denne saka på kyrkjemøtet, og håpar på ei endring og at ei nemnd for gudstenesliv og bispemøtet tek det vidare opp. Ho har fått mange positive reaksjonar.

### Inga får støtte

Teolog Per Kristian Hovden Sætre er sokneprest i Hornindal, jobbar med ein doktorgrad i Det nye testamentet og er engasjert som omsetjar for Bibelselskapet. Avisa Vårt Land har spurt Sætre som synest svaret er enkelt: Bokmålsversjonen ligg næraast den anerkjente latinske grunnteksten frå 700-talet, meiner han.

Sætre forklarar dette med at klassisk landsmål, altså litt eldre nynorsk, helst skyr genitiv-s, og i større grad nyttar seg av omskrivingar med verb der ein på bokmål kan behalde substantivuttrykk frå grunnspråket. Derfor har det blitt slik.

Men kva seier vår eigen biskop, Jan Otto Myrseth, til dette? Myrseth har for tida permisjon og er umogeleg å få tak i. Me let difor biskop Ragnhild Jepsen svara, også ho frå Ål. Jepsen meiner -- i fylgje Vårt Land - at debattinnleget til Inga både var spennande og innsiktsfullt, og at ho absolutt er interessert i å sjå næraare på om det er behov for ei ny omsetjing.

Så får me andre berre venta og sjå.

### Den apostoliske truedkjenningsa

Mest brukta truedkjennning i Den norske kyrkje. Noverande versjon er frå 700-tallet, men nesten identisk «romersk truedkjenningsa» er kjent frå 200-tallet. Tre oldkyrkjelege truedkjenningsa er nyttar: Den nikenske frå år 325, den athanasianske frå ca år 500 og altså den apostoliske. Dei tre trusartiklane uttrykkjer til saman trua på den treeinige Gud. Gud er éin og møter oss som Gud vår Far, Sonen Jesus Kristus og Den hellige ande.



Audun Flaen ved orgelet.

# Kyrkjemusikalsk arv

*Audun Flaen vart takka av slik det høver seg då han i sommar gjekk av med pensjon. I 1987 kom han til Ål som nyutdanna organist frå Norges Musikkhøgskole. I 36 år har han gjort eit stort og banebrytande arbeid som kantor, musikar, kulturformidlar, dirigent og korarrangør i Ål.*

Audun fortener at ettertida ikkje berre er merksame på arven han etterlet seg, men byggjer vidare på denne. Han har bidratt til kyrkjemusikalsk utvikling, til inspirasjon og kvalitet i gudstenester og kyrkjelivet i Ål som er heilt uvanleg i ein distriktskommune.

## Folkemusikk-gudstenestene

Gjennom fleire tiår har kyrkja i Ål og folkemusikkmiljøet hatt møtepunkt i den årlege Folkemusikkveka gjennom ulike arrangement. Frå Audun Flaen kom til Ål har han vore brubyggjar, musikar og idéskapar. Han tok dette vidare då han i 2007 tok til å integrere folkemusikken meir direkte i gudstenesta. Arbeidet han la ned med å

arrangere folkemusikkligurgien som Jo Asgeir Lie komponerte til Ål kyrkje, har ført til at folkemusikkligurgien no blir brukta i kyrkjer over heile landet og har blitt eit viktig supplement til den ålmenne serien i Den norske kyrkja. Folkemusikk-gudstenestene i Ål er vidjetne.

Audun Flaen har bana vegen for at andre musikkarar og kan finna seg til rette i gudstenesta. At det har vore brukta meir enn 50 ulike instrument i folkemusikk-messene desse åra og deltatt kanskje dobbelt så mange ulike musikkarar, illustrerer omfanget av dette arbeidet.

## Korleieren

Korpedagogen, dirigenten og arrangøren Audun Flaen har inspirert til korverksem for vaksne i Ål i eit omfang som er sjeldsynt. Frå han kom hit og i fleire år framover dirigerte han Ålkoret. I 2005 starta han Ål kantori, eit blandakor med formål å vera eit kyrkjekor for kyrkjene i Ål. Koret vart viktig når folkemusikkligurgien skulle arrangerast og innovast for bruk i gudstenester.

Frå 1998 til finalen og 25-årsjubileet i haust har han leia mannskoret



Det mektige barokkorgelet i Ål kyrkje frå 1996. Audun var pådrivaren for orgelprosjektet.

B-karad'n. Han tok sjølv initiativet til dette koret med formål å skape eit syngjande mannsmiljø på Ål med breitt repertoar og stor vekt på sosialt fellesskap.

Det finst neppe oversyn over alle dei songane av ulike sjangrar som Audun Flaen har arrangert og tilpassa nivået til dei kora han har leia gjennom tida som kantor i Ål. Talet er svært høgt. Audun trivst ikkje sjølv på scenen, men han trivst med å dyktiggjera den eller dei som står der.

## Unikt barokkorgel

Audun Flaen var fagleg rådgjevar og pådrivar for barokkorgelet som vart teke i bruk i Ål kyrkje i 1996. Vi som har følgt han gjennom alle desse åra, er overtydde om at vi har hatt ein unik forvaltar av eit unikt instrument. Det er ikkje mange bygder forunt å ha ein organist som med stor autoritet avsluttar gudstenesta med Toccata frå orgelsymfoni nr. 5 av Charles-Marie Widor. Eller spelar pols på kyrkjeorgel.

## Fast haldepunkt

Nærvar, inspirasjon og kvalitet er adjektiv vi som er innbyggjarar og kyrkjelydsmedlemmer i Ål vil bruke om kyrkjemusikaren Audun Flaen. Med mange og ulike prestar og andre medarbeidarar gjennom 36 år, har han vore det faste haldepunktet i gudstenestelivet. Han har bidratt til songglede og deltaking. Men kanskje like viktig er det kyrkjemusikalske mangfaldet som kyrkja i Ål og dermed heile lokalsamfunnet har fått del i.

Ein særskilt takk også for trygt samarbeid og inspirasjon til meir enn 1300 gravferder i Ål, Torpo og Leveld desse åra.

Av Steinar Aa (tekst og foto)

**Familieverkontoret:**  
**32 12 33 44**

**Kirkens SOS: 22 40 00 40**  
(landsnr.)



Vemund Olav Aukrust ved orgelet i Bodø domkirke.

Foto: Jon Martin Høie

## Vemund – vår nye organist

27-åringen Vemund Olav Aukrust fra Lom er tilsett som ny organist i kyrkja i Ål. Han er framleis student ved Norges Musikkhøgskole. Våren 2024 skal han gjera ferdig masteroppgåva si, samstundes som han, no etter jul, skal arbeida i halv organiststilling her hjå oss.

- Så heldig Ål er som får deg som kyrkjemusikar, Vemund. Kvifor sokte du deg eigentleg hit?

Jo. Han må nok innrømma at søknaden var litt impulsiv, men han trekkjer fram to viktige forhold som avgjørende:

For det første: det kjente, franske barokkorgelet i Ål kyrkje. Orgelet vart teke i bruk i 1996 der forgjengaren, Audun Flaen, var fagleg rådgjevar og pådrivar. Orgelet er eineståande å spela på.

Og den andre grunnen er folkemusikk-miljøet og folkemusikk-gudstenestene. Han trekkjer i denne samanhengen fram sentrale musikkarar og inspiratorar som Audun Flaen og Jo Asgeir Lie.

No har musikk og folkemusikk alltid vore viktig for Vemund. På vidaregåande gjekk han til dømes på musikklinja og fekk opplæring på klassisk piano. Sjukdom på musikarsida gjorde at han kom til å spela litt orgel i Skjåk. Og så var han eigentleg i gang.

Barokkmusikk og folkemusikk, altså. Vemund ser ein klår samanheng mellom desse to musikk-grinene og gler seg til å kunne gå nærmere inn i dette.

- Bygde-Noreg lokkar, veit du, smiler Vemund, som også kan fortelja at han er mykje oppteken av friluftsliv. To års friluftslivstudium har han difor bak seg i Volda.

- Men namnet ditt, Vemund Olav Aukrust, det er eit diktarnamn?

- Jo. Diktaren Olav Aukrust var bror til oldefar min, forklarar Vemund, namnebroren.

**Velkommen til Ål!**

## Line – vår nye diakon

Fellesrådet har tilsett Line Bakke (49) som ny diakon i Ål. Ho overtek jobben etter Hilde Kirkebøen og Målfrid Bergaplass Anderson. Line kjem no frå diakonstilling i Hol. Ho har vakse opp i Oslo.

Det er ein velutdanna diakon som begynner i kyrkja i Ål 1. januar. Line er utdanna diakon og barnevernspedagog, og har også ein master i familieterapi og systemisk praksis, som det heiter, frå VID vitskapleg høgskole. Ho har grunnfag i teikning og bilet, har gått bibelskule m.m.



Line Bakke begynner som diakon i Ål 1. januar.

Foto: Jan Fredrik Frantzen

Arbeidserfaringa til Line er ikkje mindre imponerande. I mange år har ho budd i Nord-Noreg der ho mellom anna har arbeidd som diakon og også vore leiar for Kirkens SOS, Sør-Hålogaland. Line har reist mykje ut i verda, som friviljug, i ulike misjonsprosjekt.

I sin diakonale praksis har Line hatt stor glede av å arbeida med eldre og særleg demente. Og å integrera framandkulturelle synest ho er eit viktig diakonalt satsingsområde. Og kva er kyrkja utan alle frivillige?

- Dei er kyrkjas viktigaste medarbeidarar, seier Line. - Utan dei hadde me ikkje vore ei god folkekirkje.

Line gler seg til å koma til Ål og bli kjent med bygdefolket.

- Eit viktig diakonalt fokus, seier ho, er å vera der folk er, støtte og lytte til behova til den enkelte som for eksempel av ein eller annan grunn kjenner på utanforskaps.

Line håpar å kunne starte opp sorggrupper på nyåret.

- Det er berre å ta kontakt for påmelding eller meir informasjon. Tilbodet er gratis og gjeld for alle interesserte i heile Hallingdal.

**Velkommen til Ål, Line!**

## Ros til tilsette

Siste halvåret har vore utfordrande for staben i kyrkja fordi her har vore ein del endringar: oppseilingar, vakansar og nytilsetjingar. Kyrkeverja i Hol, Anders Ilsøy, har hjelpt til på kyrkjekontoret i Ål ein dag i veka i den tida Ål var utan kyrkeverje. På siste møtet i det avgående fellesrådet rosa Ilsøy heile staben som hadde strekt seg så langt no i haust. Håkon



Tveito har fått fleire organistoppgåver og sekretær Elin Tveito (bilete) mange trusopplæringsoppgåver.



## Våre konfirmantar 2023

**Framme frå venstre:** Ingrid Marie Ødelien, Stella Solberg Skalle, Alexandra Reshma datter Roen, Nora Karterud Sørensen, sokneprest Geir Wiknes, Elida Hagen, Silje Løstegård Gilen, Eira Maria Kaslegard og Ingunn Thoen. **2. rekke:** Birgit Tveito Berg, Diis-Eirin Moholt Kolsrud, Frida Hanssen Moen, Ida Hagen Aasvangen, Mari Haug Koksvik, Iselin Lappégard, Vera Vernundsdatter Gudbrandsgard, Julie Hovdegard, Silja Kvalheim Nedreberg og Hanne Sataslætten. **3. rekke:** Isak Etterlid Tveito, Adrian Nikolai Fuglesang Tveito, Kasper Runningshaugen-Wikstrand, Roar Magnetun-Sjømedal, Lars Viana Skogum, Stian Søla Evjen og Maja Svanaasen. **Bakerst:** Pete Peelada Martinsen, Trym Leander Amundsen, Henning Steinbråten Hålvorsgård, Benjamin Bø, Odin Korell Holt, Mikkel Gunhildgard Tveito og Julian Norø Vissebråten. Foto: Ole Johs. Brye



Dette er 50-års konfirmantane 2023 i Leveld, Torpo og Å og som møtte til gudsteneste og fest(alfabetisk rekjkjefølge):

Herborg Bergaplass, Ingeborg Stavehaug Berge, Birgit Ruud Bråten, Vidar Bråten, Mai Lill Bæra, Ole Vidar Bæra, Eva Gudbrandsgard Dalseide, Ann Karin Enersen (f. Skalle), Ragnhild Sato Golberg, Kjell Magne Haugerud, Reidun Hellene, Gunbjørg Sollien Hulbak, Torkel Høgset, Gunn Åshild Håheim, Hans Jonseth, Oddbjørn Jorde, Edith Maria Maier Kihle, Finn Kirkedelen, Egil Kolsrud, Gunn Berit Luksengard, Reidun Synnøve Pedersen (f. Rudningen), Nils Erik Nordby, Jens Romslo, John Håkon Slætten, Svein Roar Solheim, Gunn Kari Stake, Arnhild Moen Talgøy, Dagfrid Tønnesen, Hans Arne Økland. Foto: Trond B. Augunset

## SuperTysdag

Travle ettermiddagar? Born som skal på aktiviteter? Møte på kryss og tvers?

Kom til dekkat bord i kyrkjestugu. Det blir servert enkel middag med dessert kvar tysdag frå klokka 16 til 17.30 for ein billig penge. Her har vore godt oppmøte og fornøgte familiar. - Det er godt å sleppe å laga middag når kvardagen er travel, seier dei fleste.

Elin Tveito på kyrkjekontoret vil halda fram med SuperTysdag også på nyåret. Invitasjon finn du på Facebook. Meld dykk på. Då blir det lettare å beregne nok mat.



Så kjekt å komme til dekka bord etter jobb og barnehage/skole! Øystein, Janne, Celin, Janne, Celine, Vilde og Mathilde. Sokneprest Geir forsyner seg med vatn. Foto: Elin Tveito

# Vår kristne arv

*Det er jul igjen, og me skal atter høyra den vakkreste forteljinga, frå Lukas-evangeliet, som eg kan tenkja meg, om barnet som blir født og lagt i ei krubbe, i ein stall, fordi det ikkje var husrom åt dei. Denne nyfødde skulle frelse verda! I eit par tusen år har historia om Jesu fødsel blitt fortalt, ei hending som er så viktig at ho er utgangspunktet for vår tidsrekning.*

## Berebjelken

Kristendom og kyrkja har i tusen år vore sjølve berebjelken i det norske samfunnet. Kyrkja har teke mot oss menneske i glede og sorg. Her har me feira livet, her har me avslutta livet.

På Torpo står den eineståande stavkyrkja frå 1100-talet. Og frå gamle Ål stavkyrkja vart heldigvis mykje redda før ho vart riven: Ål-taket, portalen, masker m.m. Dei tre «nye» kyrkjene i bygdene våre, på Sundre, på Torpo, i Leveld, vart alle vigsla i 1880. Det blir altså eit stort 150 års jubileum i 2030.

Jo då. Grundtvig, salmediktaren, kunne godt skriva at «Kirken den er et gammelt hus»!

Men korleis står det til med kunnskapane om bibelsoge og kyrkjhistoriel? Då eg var i barneskulealderen, hadde me gamle O. L. Haugen som omsorgsfull lærar. Me elevane pugga salmevers og bibelsoge og måtte stå ved pulten og høyrast i leksa. Og me lærte mykje. År etterpå oppdaga eg at kunnskap frå bibelsoga måtte til for å skjøna meir av kunst og kultur og store forfattarar i verds litteraturen: Dostoevski, Tolstoj, Sigrid Undset m.fl.

## Bibelen knyter oss sammen

I bibelhistoriene møter me dei store forteljingane i kulturen. Me kan her kjenne att eigne smarter og gleder i livet, uansett religiøs ståstad. Tenk berre på den sterke Jobs bok, ei av perlene i verds litteraturen. Den verknad som Bibelen, Bøkenes

Bok, har hatt på sosialt liv og samfunnsliv, litteratur, kunst, musikk, språk, arkitektur m.m. er enorm. Ingen bok har gitt oss fleire referansar i livet. Og kyrkja som institusjon og kulturformidlar har bunde oss saman. - Kristendommen er den fremste premissleverandør for vår tenking, har kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raauum sagt.

Å kjenna til historia, også den jødisk-kristne, gjer at du betre skjørnar deg sjølv – og andre. Kunnskap er viktig. Me kan umogeleg bli meir tolerante ved å ha mindre kunnskapar om bibel, kristendom og kyrkje. Dersom slike felles referansar forsvinn, forvirrar viktige samtalar.



Noreg ville ikkje vore det samfunnet det er i dag utan kristendom og kyrkja.

## Nasjonaljubileet

Tusen år med kristendom er forteljinga om Noreg. Om sju år er det faktisk eitt tusen år sidan slaget på Stiklestad og Olav Haraldsons fall, han som seinare vart til Olav den heilage, eller Noregs evige konge. Men kristninga av Noreg skjedde tidlegare enn det. Til dømes var den fyrste kristningskongen Håkon den gode (934-960). Og kven let set ikkje fascinera av St. Sunniva og klosteret på Selja på 900-talet!

Me har fleire viktige tusenårsjubileum framom oss. Viktigast er kanskje kristenretten vedtatt på Moster i 1024.

## KOMMENTAR



Av Birger Bolstad

Den markerte overgangen frå maktsamfunn til retts-samfunn, og inneholdt reglar om alt frå dåp og gravferd, faste og kyrkjebygging, heilag-dagar, trolldom og plikter for prest og biskop. Kristenretten bygde på ideen om at det finst noko som er rett, uavhengig av makttihøva i samfunnet. Og grunngjevinga? Alle menneske var skapte i Guds bilet. Ut fra denne ideen vaks det fram ei plikt til å ha omsorg for dei svakaste.

## Den store samtalen

Fleire ynskjer å løfta fram den store samtalen om tusenårsjubilea: Om historie, om røtene våre, om kulturarven, om identitet. Korleis forstår me og definerer oss sjølve i forhold til andre? Kva vil me



«Kirken den er et gammelt hus, står om enn tårnene faller.» (Salme av NFS Grundtvig 1837).  
Torpo stavkyrkje bygd på slutten av 1100-talet og vegg i vegg «nye» Torpo kyrkja frå 1880.

vera som nasjon, kva verdiar vil me bygga på? Kva med kristendommens plass i eit fleirreligiøst samfunn? Spørsmåla er mange – og refleksjonane om dette er viktige.

No i 2023 er det 1000 år sidan helgenkongen kristna Valdres; feiringar der er godt i gang. Eg håpar at me også her i dalen, kommunar, museum, kyrkje, skule, historielag m.fl. kan gjera noko ut av tusenårsjubilea. Også me treng denne samtalen.

*NB! Det ligg mykje godt stoff om Nasjonaljubileet 2030 på nettet.*

Bakgrunnsfoto kors: Roger Robbestad – Pilegrimsmerke frå Selja

## Nytt frå kyrkja?

Kyrkjebladet kjem sjeldan ut. Fylg derfor med på heimesida vår [www.al.kyrkje.no](http://www.al.kyrkje.no), Facebook-sidene til kyrkjene i Ål og Hallingdal og les Hallingdølen.

# Forbillet frå nord

Eg har ein son som har flytta til Nord-Noreg. Difor får eg sjå og oppleva denne delen av landet når eg er på besøk: Ein mektig natur, fjord og fjell, by og land, kultur og historie – og møte med spennande menneske.

Du skal ikkje ha prata mykje med folk nordpå, og kanskje helst dei litt eldre, før 2. verdskrigen, naturleg nok, blir eit tema. Eg har hørt sterke personlege historier og vore på museum og minnesmerke. Å gå inn i Narvik krigsmuseum til dømes, det nordnorske navet i eit nasjonalt nettverk av krigsminnestader, er tankevekkande,

## Mamma Karasjok

Eg vil løfta fram eit namn frå utstillinga her, den sterke historia om Mamma Karasjok, eller Kirsten Svineng (1882 – 1980) som ho eigentleg heitte. Ho var samisk sjukepleiar og ytte aktiv ikkje-valdeleg motstand mot den tyske okkupasjonsmakta i Karasjok-området.

Det var fem tyske fangeleirar i Nord-Noreg under krigen: Beisfjord, Osen, Korgen, Botn - og altså Karasjok. Fangane levde under umenneskelege forhold: Lite mat, hardt fysisk arbeid, strenge straffer. Sjuke og skrøpelege fangar vart avretta. Kirsten Svineng samla inn mat frå venner og kjente. Ho vandra over store område og «mista» og gjøymde mat frå den kvite sekken sin, langs vegar og stigar, for at fangane skulle finna mat. Dei var på veg til slavearbeidet på Blodvegen, som han vart kalla, ein 18 kilometer lang strekning

frå Karasjok til Finland. Svinengs innsats gjorde at fleire av fangane overlevde krigen.

## Gav mat og oppmuntra

I konsentrationsleiren i Karasjok var det til å begynne med 450 fangar. Berre 100 levde då leiren vart lagt ned i 1942. Mamma Karasjok hjelpte fleire med å flykte frå leiren og sette med det seg sjølv og familien i stor fare.

Til dømes var det ein ung serbar på 17 år, Zivota Lupulovic, som rømte frå den



Faksimile frå boka om Mamma Karasjok av Per Hansson 1970. Kirsten Svineng saman med president Tito (t.h.) og statsminister Einar Gerhardsen under den offisielle reisa som det jugoslaviske presidentparet hadde til Noreg i 1965.

tyske fangeleiren i Karasjok og kom til Kirsten Svinengs hus og berre ropte «mamma, mamma!» då han såg henne. Denne serbaren vart seinare teken og drepen i dei samiske kleda som Svineng hadde gjeve han. Men han hadde nekta å røpe si samiske mamma.

## Tårer lindrar

På ein plakat i utstillinga er til dømes ei hending i 1942 omtala. Ein jugoslavisk fange segna om av piskeslag og spark frå fangevaktaren. Straffa for å ta mot mat

frå ein nordmann var hard, for Kirsten Svineng hadde gjeve mannen ein kjøtbete. Å hjelpa fangane var forbode. Men Kirsten vart ståande, ho kunne ikkje forlata eit menneske som hadde det så vondt.

Jugoslaviske styresmakter heidra Svineng etter krigen, og ho møtte Jugoslavias president Josif Broz Tito eit par gonger. Under ei mottaking omfamna ein ung mann henne og sa: - Mamma, mamma, eg hadde mine vanskelegaste dagar i Karasjok, men eg såg deg gråte då dei piska meg; dine tårer lindra smarta mi.

## Tito og Mamma Karasjok

Forfattaren og journalisten Per Hansson skreiv bok om Mamma Karasjok, og på nettet kan du finna mykje interessant stoff om krigen i Nord-Noreg og Mamma Karasjok. Til dømes hadde Kirsten Svineng, i følgje Per Hansson, sagt til Tito at ho alltid nemnde Jugoslavia i sine bøner. Tito hadde takka for det, men lagt til at han ikkje var religiøs. Dette kunne ikkje Svineng tru, at ein så stor mann ikkje var det.

Ho skal ha sagt at når Tito dør, han som vann krigen mot fascistane, så må nokon følgje han til himmelen. Om det er eit samantreff, eller kanskje mirakel?, så døydde faktisk Tito og Mamma Karasjok på same dag, 4. mai 1980!

Trass krig og drap og elende bør me grunne på desse sterke orda til Mamma Karasjok, frå ein plakat i krigsmuseet i Narvik: - Gud er god, så kva skal eg vera redd for?

Av Birger Bolstad

## Inspirerande misjonshelg

Laurdag og sundag 21. og 22. oktober hadde Norsk Misjonsselskap i Ål besøk av Arild M. Bakke, leiar for NMS Aust-Afrika.

Laurdag delte han interessante erfaringar og inntrykk frå landet og kyrkja på Madagaskar, og han tala i gudstenesta og vart intervjua av Arild Hansen ved kyrkjekaffien i Ål kyrkje sundag.

Alle tre sokna, Leveld, Torpo og Ål, støttar som kjent eit 3-årig misjonsprosjekt for ulike misjonsorganisasjonar, og frå 2022-2024 støttar dei no landbrukskular og stipend til fattige studentar på Madagaskar.

Arild og Gunn Elen Hansen frå Ål har vore misjonærar der to periodar og kjenner difor godt til desse viktige prosjekta.

Det er dessverre få faste gjevarar til misjonsprosjekta i kyrkjelyden vår no, så me oppmodar sterkt at fleire tek kontakt med Kyrkjekontoret og registrerer seg som faste gjevarar! Til no i 2023 har det kome inn ca. 63 000 kr, og då er det eit godt stykke att til 110 000 kr som sokna har gått inn for som årleg beløp.

I misjonspåbodet bed Jesus oss om: «Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar ...» Matt.28,19-20, så misjon bør ha ein sentral plass i einkvar kyrkjelyd.

Av Liv Margit Sørboen (tekst og foto)



Arild M. Bakke, leiar for NMS Aust-Afrika, med boka om «Madagaskar. Mennesker og menigheter etter 150 år med norsk misjon». Bakke var koordinator for bokverket.

# VI GÅR I KYRKJA

## DESEMBER

**10.12.2023**  
Leveld kyrkje 11:00

**17.12.2023**  
Ål kyrkje 17:00  
Me syng og spelar jul a inn

**24.12.2023**  
Kårstugu 12:00  
Julegudsteneste  
Vats fjellkyrkje 13:00  
Leveld kyrkje 14:30  
Ål kyrkje 14:30  
Torpo kyrkje 16:00  
Leveld kyrkje 16:00  
Ål kyrkje 16:00

**25.12.2023**  
Ål kyrkje 12:00  
Høgtidsgudsteneste

**31.12.2023**  
Ål kyrkje 17:00

## JANUAR

**07.01.2024**  
Ål kyrkje 11:00

**14.01.2024**

Leveld kyrkje 11:00

**21.01.2024**

Torpo kyrkje 11:00  
Ål kyrkje 19:00  
Gudsteneste - HEILT ENKELT

**28.01.2024**

Ål kyrkje 11:00

**FEBRUAR**

**04.02.2024**

Torpo kyrkje 11:00

**06.02.2024**

Ål kyrkje 19:00  
Samanes nasjonaldag

**11.02.2024**

Ål kyrkje 11:00

**14.02.2024**

Ål kyrkje 19:00  
Askeonsdagsgudsteneste

**18.02.2024**

Torpo kyrkje 11:00

**25.02.2024**

Vats fjellkyrkje 11:00

**MARS**

**03.03.2024**

Ål kyrkje 11:00

**10.03.2024**

Torpo kyrkje 11:00

**17.03.2024**

Ål kyrkje 11:00  
Visitasgudsteneste

**24.03.2024**

Nystølkirka 11:00  
Leveld kyrkje 18:00  
Påskesongar vi gjerne syng

**28.03.2024**

Torpo kyrkje 11:00  
Skjærtorsdagsgudsteneste  
Vats fjellkyrkje 11:00  
Ål kyrkje 19:00

**29.03.2024**

Ål kyrkje 11:00  
Pasjonsgudsteneste  
Leveld kyrkje 19:00

**30.03.2024**

Ål kyrkje 22:00  
Påskennatssmesse

**31.03.2024**

Ål kyrkje 11:00  
Høgtidsgudsteneste  
Leveld kyrkje 11:00  
Nystølhovda på Opheimråsen 13:30

## Formiddagstreff våren 2024

**Vats bedehus**  
**Onsdagar kl. 12 - 14**

### 31. januar

Tema: Tove Bøygard  
Andakt: Aslaug Holeplass  
Song: Tove Bøygard

### 24. april og 29. mai

Datoane er bestemt. Innhaldet blir klart etter kvart. Sjå nett-sida vår og fylg med i Hallingdølen for nærmere informasjon.

### Ål kyrkjestugu Onsdagar kl. 11 - 13

#### 3. januar

Tema: Ole Johs. Brye fortel og viser bilete frå sitt eige fotoarkiv.

Andakt: Prostiprest Ole-Jonny Kleveland Lomme

**7. februar, 6. mars,  
3. april og 5. juni**

## Bispevisitas i mars

**12., 13., 14. og 17. mars kjem biskopen på visitas til Leveld, Torpo og Ål sokn.**

- Det har ikkje vore visitas her sidan 2006, seier sokneprest Geir Wiknes.
- Visitas er ein av måtane biskopen held tilsyn med kyrka på. Han har møte med både stab og råd, offentlege instansar og



næringsliv, i tillegg til å ta del i noko av arbeidet som kyrja driv. Mellom anna blir det eit spanande møte mellom biskopen og konfirmantane.

Biskop Jan Otto Myrseth (biletet) ynskjer å motivere og inspirere kyrja og alle han møter denne veka. Programmet blir variert, og fleire aktivitetar blir opne for alle.

**Sjå oppslag og annonser for nærmere program.**

## Nye drop-in-bryllup

Fekk de ikkje gifta dykk sist Ål kyrkje arrangerte drop-in-bryllup?

No får de sjansen på nytt, denne gongen på sjølvaste valentindagen onsdag 14. februar, dagen for kjærleik og romantikk!

Kontakt kyrkjekontoret eller sokneprest Geir Wiknes.

Foto: Kirkerådet

*Me ynskjer dykk alle ei velsigna julehøgtid!*

## DØYPTE

### Leveld:

06.08.2023 Ella Østegaard-Breie  
27.08.2023 Anna Günther Haugen

### Torpo:

03.09.2023 Hermine Hefte

### Ål:

01.10.2023 Gustaf Mikkelirud Bjørne  
08.10.2023 Embrik Holsen-Kristiansen

## VIGDE

### Leveld:

29.07.2023 Vebjørn Dokk og Helene Tolpinrud Uhlen  
05.08.2023 Oddvar Myro og Kristine Jacobsen Kapperud

### Torpo:

05.08.2023 Kim Aalrust og Camilla Engelandsbakken

## DØDE

### Leveld:

19.10.2023 Harald Ellingsgard f.:1966

### Torpo:

10.08.2023 Erling Breibrenna f.:1935  
28.08.2023 Terje Holstad f.:1950  
25.09.2023 Kari Ruud Spildejorde f.:1941  
10.10.2023 Ann Margrete Tolpinrud f.:1937

### Ål:

08.08.2023 Nils Sylvernes f.:1925  
27.08.2023 Torbjørn Opsata f.:1939  
29.08.2023 Jan-Morten Sandlien f.:1969  
30.09.2023 Turid Kolbjørnsen f.:1935  
08.10.2023 Guri Arnegard f.:1928  
21.10.2023 Oddbjørg Pettersen f.:1939  
22.10.2023 Solfrid Ellinor Myran f.:1941

# Kyrkjeverje med doktorgrad

- Dette er ei stor ære. Eg takkar Ål kyrkje for tilliten. Det seier vår nye kyrkjeverje, Svetlana Anistratenko (41), som tok til i stillinga 1. november. Ho har ansvaret for den daglege drifta i Ål kyrkje, for personalet, for økonomien, for bygningsmassen og vil samarbeida tett med det nyvalde fellesrådet.

Svetlana er innvandrar til Noreg, er halvt russisk, halvt ukrainsk, og har budd her i landet i om lag 17 år. Ho har familie i Trondheim.

## Utdanning og doktorgradar

Det er ei kyrkjeverje med imponerande akademisk skolering som no kjem til Ål. Ho er utdanna historielærar frå Universitetet i Kamtsjatka i Russland der hovudoppgåva hennar var å analysere antisemittismen i antikken. Fem år seinare tok Svetlana ein doktorgrad i religionsvitenskap og historie frå det statlege universitetet i St. Petersburg. Også her arbeidde ho nærmare med jødedommen. Men interessefeltet til Svetlana stoppa ikkje der. Ein mastergrad ved Institutt for tverrfaglege studiar ved NTNU i Trondheim, med temaet Mangfold og leiing, fekk ho også med seg, før ho no er i ferd med å avslutta ein ny doktorgrad ved NORD universitet. Den handlar om leiing og kommunikasjon og viser korleis norsk politisk elite praktiserer sosial likestilling på internasjonale arenaer.



Svetlana Anistratenko, vår nye kyrkjeverje, i snødrev framom Ål kyrkje.

Økonomi er ikkje alltid så enkelt. Difor driv intellektuelt nysgjerrige Svetlana – samstundes - og spesialiserer seg i økonomisk styring og leiing ved NHH Norges Handelshøyskole!

- Men dette er berre ein hobby, smiler ho over bordet i det nye kontoret sitt.

## Ei ære å jobbe i kyrkja

Jo. Svetlana har ferdast mykje i akademia, men ho har også arbeidd som journalist, ho har vore saksbehandlar i NAV, har vore prosjektleiar for kyrkjeleg fellesråd i Trondheim der ho har kartlagt verdigjenstandar, gitt antikvariske vurderingar og undersøkt behovet for konservering m.m. Nemnast bør også at Svetlana er grunder og har etablert eit kompetansesenter i sosial berekraft. Og spisskompetansen her? Jo nettopp, likestilling og mangfold.

- Men med den allsidige bakgrunnen din, Svetlana. Kvifor ville du jobbe i kyrkja?

Svetlana fortel at ho er glad for at kyrkja er modig og tilset innvandrarar som leiarar, og at det er rom og muligheter for fleire og forskjellige menneske.

- Kyrkja er ein viktig samfunnsinstitusjon, den er samfunnsaktuell. Mange trådar i livet leier folk attende til kyrkja. Du blir døypt i kyrkja, du giftar deg i kyrkja, du døyr i kyrkja, eller blir i alle fall gravlagt der, legg ho smilande til.

- Kyrkja bidreg mykje til samfunnsutviklinga. Å jobbe i ein slik organisasjon, ein spirituell organisasjon, ein organisasjon også for skeive, det er viktig for meg. Eg har arbeidd for kyrkjeleg fellesråd i Trondheim, eg har jobba i Nidarosdomen og treivst veldig godt. Det er ei ære å jobbe i kyrkja, seier Svetlana.

Og no er altså arbeidsplassen for den entusiastiske kyrkjeverja kyrkjene i Ål.

*Velkommen hit, Svetlana!*

## Musikk og song i adventstida

Vil du høyra vakker korsong i Ål kyrkje no i førjulstida? Og kanskje du vil vera med og syngja nokre av dei gode, gamle julesongane?

### MOSAIC

Julekonsert med Mosaic, eit av Norges mest profilerte kor!

Gjester: Audun Moen og Audun Haugeplass

Laurdag 16. desember kl 19.00 i Ål kyrkje

Billettar [www.ticketco.no](http://www.ticketco.no) eller ved inngangen

Arrangør: Synkope booking i samarbeid med Skjærgårds LIVE Ål.

### ME SYNG JULA INN

I fjor starta me opp att med det populære «Me syng og spelar jula inn»-arrangementet. Lokale musikarar og songarar deltek, og du kan sjølv vera med og syngja kjente og kjære julesongar. Ope for alle. Ikkje inngangspengar. Sundag 17. desember klokka 17.

### ÅL-KORET

Ål-koret inviterer til tradisjonell julekonsert også i år. Denne gongen blir Klara Feiring frå Nesbyen med på trompet og Justin Vickery frå Gol på orgel. Dirigent: Arild Rønsen.

Torsdag 14. desember klokka 19. • Billett kr 250.

Bakgrunnsfoto: Bo Mathisen

## Julefeiring på Kafe Tid

**Juleeftan klokka 17–21:**

**Velkomstgløgg • Tradisjonell julemat  
(alternativ meny for dei som ynskjer det) • Musikk,  
song m.m. • 100 kr**

**Velkommen!**

Ta gjerne kontakt om du har lyst til å vere med på feiring og også om du kan vere med som frivillig før, under eller etterpå. Arrangementet er ope for alle, små og store, og mat og opplegg blir forma etter kven som melder seg på.

**Meld deg på innan  
20. desember til:  
[\(tlf. 40 45 57 83\).](mailto:hilde.kirkeboen@hallingnett.no)**

